



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ungdomsskolane i Møre og Romsdal
Ressurssenter for grunnskoleopplæring i kommunane

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2014/6546 - 37519/2020	Rose Mari Skarset, 71 28 03 76	24.03.2020

Karrieredagane 2020 for elevar på 10. trinn

I samarbeid med sentrale aktørar frå utdanning, arbeidsliv, kommunar og organisasjonar inviterer Møre og Romsdal fylkeskommune **alle ungdomar på 10. trinn** til å vere med på Karrieredagane 2020.

Målsettingane med Karrieredagane er at:

- Alle avgangselevar frå grunnskolen skal få eit realistisk og levande bilete av utdanningsvegar og arbeids- og karrierevegar i Møre og Romsdal
- Karrieredagane skal gi dei unge ein sjanse til å finne ut meir om organisering og mangfald i regionalt næringsliv
- Arrangementa skal vere ein motivasjonsfaktor for å få ungdom til å velje utdanningsretning og yrke som finst i eigen region
- Arrangementa skal gi betre kjennskap og refleksjon i høve til utradisjonelle yrkes- og karrierevegar på tvers av kjønn og etnisk bakgrunn.

Tid og stad for dei ulike arrangementa:

Veke 37 – 09. – 10. september – Romsdal/Molde
Veke 38 – 15. september – Surnadal
Veke 38 – 16. september – Kristiansund
Veke 39 – 23. - 24. september – Søre Sunnmøre/Volda
Veke 40 – 30. september – Nordre Sunnmøre/Ålesund

Transport

Det er gratis transport tur/retur frå skolane til dei ulike arrangementa. Tidsskjema blir sett opp og sendt den enkelte skole i god tid før Karrieredagane.

Kontaktperson

Vi ber om at kvar skole finn ein kontaktperson. Dei regionale koordinatorane treng ein person å halde seg til på skolen. Kontaktpersonen skal mellom anna følgje opp prosessen med «Karriererettleiingsheftet» før og etter Karrieredagane. Kor vellukka Karrieredagane er, som ledd i karriererettleiinga til fram mot valet av vidaregåande utdanning, er avhengig av karriererettleiingsarbeidet i grunnskolen. Meld namn på kontaktperson per e-post til regional koordinator så snart som råd.

Regionale koordinatarar

REGION	NAMN	EPOST	TELEFON
Ytre Nordmøre	Monika Eeg	monika@knn.no	91598917
Indre Nordmøre	Harald Bredesen	harald.bredesen@surnadal.kommune.no	91378178
Nordre Sunnmøre	Jorunn Øren	jorunn.oren@mrfylke.no	48955952
Romsdal	Britt Blichfeldt	bb@moldenf.no	48313560
Søre Sunnmøre	Torill Engeseth	torill.engeseth@hivolda.no	45806705

Organisering og gjennomføring av dagen

Organiseringa varierer frå region til region. Kvar regionale koordinatar vil kome med nærare opplysningar når det nærmar seg arrangementet.

Sett av ein skoledag.

Mat og drikke

Alle må ta med mat og drikke, då det ikkje i utgangspunktet er lagt opp til sal av mat.

Det kan vere regionale skilnader, nærare informasjon vil kome til skolane i kvar region.

Klede

Nokre stader vil ein del av arrangementet vere lagt utandørs. Vi oppmodar alle til å kle seg etter vèr og temperatur slik at elevane kan vere ute utan å fryse.

Ansvar for elevane

Kvar skole har ansvaret for elevane sine gjennom arrangementet. Vi ber difor om dei som følgjer elevane er tett på og tek hand om dei som treng ekstra oppfølging. Ansvaret gjeld også det faglege utbyttet.

Vi sett krav om at lærarane førebur elevane godt til Karrieredagane og deltek saman med elevane for å fortsette prosessen med utdanningsval når dei kjem attende til skolane.

Karrieredagane som del av faget utdanningval

Vi oppmodar alle skolane til å integrere Karrieredagane i faget utdanningval. Fylkeskommunen har, i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal, utarbeidd eit arbeidshefte. Arbeidsheftet ligg på nettet, men kan òg bestillast frå utdanningsavdelinga.

Hefta er meint som ei førebuing til Karrieredagane og hospitering i vidaregåande skole. Vi håper skolane vil nytte verktøyet i det systematiske arbeidet skolane legg opp til for å gjere elevane budde til å velje vidaregåande utdanning. Hefta kan vere eit utgangspunkt for føresette til å bli involvert i ungdomane si yrkes- og utdanningsrettleiing/karriererettleiing.

Påmelding

Påmeldingsfrist er 5. juni, via disse lenkene:

Indre Nordmøre:

<https://mrfylke.no/kalender/utdanning/karrieredagane-2020-for-indre-nordmoere>

Ytre Nordmøre:

<https://mrfylke.no/kalender/utdanning/karrieredagane-2020-for-ytre-nordmoere>

Romsdal:

<https://mrfylke.no/kalender/utdanning/karrieredagane-2020-for-romsdal>

Nordre Sunnmøre:

<https://mrfylke.no/kalender/utdanning/karrieredagane-2020-for-nordre-sunnmoere>

Søre Sunnmøre:

<https://mrfylke.no/kalender/utdanning/karrieredagane-2020-for-soere-sunnmoere>

Med helsing

Kariann Dimmen Flovikholm
konstituert fylkesutdanningssjef

Rose Mari Skarset
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur